



Retningslinjer for tilskot til gratis arrangement i frivilligheita

1. Føremål

Tilskotet har som føremål å sikre at innbyggjarar i Solund kommune har moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar som stimulerer den fysiske og/ eller psykiske helsa positivt, trass i utfordrande familieøkonomi.

2. Aktuelle søkjarar

Frivillige lag og organisasjonar i Solund som held arrangement som er ope for alle i målgruppa, uavhengig av medlemskap, kan søkje om tilskot til aktivitetsarrangementet. Det kan søkjast om tilskot til enkeltarrangement. Arrangementet skal vere av ein type som primært aktiviserer deltakarane, enten fysisk eller ved å vere ein møteplass.

3. Støtta skal brukast til

- Betaling av kostnader når ein held arrangementet gratis.
- Refusjon av billettinntekter slik at arrangementet blir gratis.

4. Støttebeløp:

Det kan bli gjeve maksimalt 5.000 kr eks. mva. i tilskot til eit arrangement. Det kan søkjast fleire gongar i løpet av året.

5. Søknadsprosedyre:

Frivillige lag og organisasjonar søkjer via digitalt skjema på Solund kommune si heimeside.

Det er ingen søknadsfrist. Søknader vert handsama fortløpande, og ein kan vente svar seinast innan 4 veker. Søknaden skal innehalde informasjon om kven det blir søkt for og kva det blir søkt støtte til. Søkjar lastar opp kvittering for betalt utgifter saman med ein kort rapport, og får utgiftene refundert frå fritidsfondet. Alternativt betaler fritidsfondet ut på forskot, mot framvising av kvittering på betalt utgifter i etterkant. Refusjon for bortfall av billettinntekter vert basert på faktisk tal deltakarar på arrangementet og ordinær billettpris.

6. Søknadshandsaming:

Søknaden vert enkelt handsama administrativt av sakshandsamar i Frivilligsentralen i kommunen.

7. Kjendtgjering

Alle som er i kontakt med barn og unge, inkludert offentlege tenesteytarar og fritidsleiarar, skal jamleg gjerast kjende med tilbodet.

- Til lag og organisasjonar minst ein gong i året.
- Vere kontinuerleg synleg på kommunen si nettside m.v.